



ÅRSMELDING 2021

ÅRSMELDING IL JOTUN Symjegruppa

for perioden
1. januar til 31. desember 2021

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3730.25.00208
Føretaksregisteret
975 702 308



1. Styret si samansetjing

- | | |
|---------------|-----------------------|
| • Leiar | Ingeborg Hjelle |
| • Styremedlem | Trond Erik Jentoftsen |
| • Kasserar | Håvard Gikling |
| • Styremedlem | Johanne Molland |

2. Grupper – utval - komitear – representasjon

- Tomine Jevnaker har sete i Ungdomsutvalet i Jotun IL
- Ingeborg Hjelle har vore kontaktperson mot Allidrett
- Ingeborg Hjelle har sete i Sportsutvalet

3. Møter

- 1 årsmøte.
- 4 styremøte, trenarmøter.
- Arbeid med treningssamling i Øvre andre helga i oktober.
- Arbeid med Årdalsstemne, kretsstemne i Årdalshallen i februar.
- Symjeglede (symjeopplæring/tilvenjing) til ca. 50 flykningar frå Vang mottak i regi av UDI i utebassenget løpet av sommaren.
- Møter i hovudstyret.
- Møter i Symjekrinsen.
- Arbeid med ros-analyse.
- Treiningar : Symjegruppa har gjennomført fire treningar i veka mellom nedstengingane. Den eine var for aldersgruppa 9 år til 11 år. Det har vore 7-15 aktive på kvar trening. Om sommaren hadde me tilbod om frivillede treningar i utebassenget. Mastersymjinga hadde trening etter nedstenginga inne, og hadde også eit tilbod i utebassenget. Dei fekk så vidt starta oppatt om hausten.
- Allidretten har dessverre blitt avlyst.
- Symjegruppa har stilt med kretsdommarar på 4 stemner i fylket vårt, deriblant Vestlandsmeisterskapet (LÅMØ).

4. Saker

- Planla kretsstemne i Årdalshallen. Dette vart dessverre avlyst siste veka.
- Planla og arrangerte treningssamling både for symjarar i Sogn og Fjordane i samarbeid med Symjekrinsen.
- Planla og gjennomførte livredningskurs.
- Innkjøp ryggstartarar og startpallar samt diverse utstyr til kretsstemne.
- Dugnad; symjeopplæring UDI både om sommaren og i haustferien.
- Organisering til andre symjestemne me deltok på.
- Organiserte tv-innslag og var med på «Hele Norge flyter».
- Inviterte redningsskøyta til Årdalstangen, og arrangerte opplegg der.
- Gjennomførte reint idrettslag, koronavettkurs og stadige oppfølgingar av godkjende koronareglar basseng så borna kunne få tren.
- Organiserte trening for symjarar med funksjonshemmning.
- Organiserte dugnad til Målrock (som blei avlyst), vask av utebassenget og sosialt treff for symjarane.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	Jotunhuset, Øvre Årdal E-Post post@iljotun.no		3730.25.00208 Foretaksregisteret 975 702 308
		Telefaks	



5. Medlemstal

- Totalt 148
- 110 utøvarar mellom 6-12 år
- 12 utøvarar mellom 13-19 år
- 26 medlemmer 20 år og eldre

6. Utdanning

- Utdanna 11 livreddarar, der 9 er tilhøyrande Symjegruppa.

7. Særforbund

- Norges Svømmeforbund

8. Konkurransar – Stemner – turneringar

Dato	Stemne	Deltakarar	Øvingar
16-17.10.2021	Førdestemnet	Deltakarar i rekrutt.	800, 200, 100 og 50 m fri, 200 og 100 m ind. medley, I tillegg rekrutt; 25 m fri og 25 m bryst og 50 m bryst.
27.-28.11.2021	Hauststemne på Eid	Deltakarar i konkurransen, 3 deltok.	400, 200 og 100 m fri, 200, 200, 100 og 50 m bryst, 50 m butterfly, 100 m ind. medley.
8-11.10.2021	Treningsamling i Årdal	40 deltok.	To økter i vatn på to timer kvar (ca. 2500 m). Ei landøkt pr. dag.

Klubben har totalt fått 11 gullmedaljar. Symjarane prøver seg på stadig nye øvingar og distansar, og ein tok steget frå rekrutt til approbert. Dei sette mange flotte personlege rekordar!

9. Økonomi

- Omsetning i gruppa 2021(KR) : 240 471.
- Resultat 2021 (KR) : Overskot 83 125.
- Budsjett 2022 (KR) : -43 450.
- Har motteke støtte frå Årdal Kjemiske fagforeining.
- I samband med innkjøp av nye startpallar, mottok me støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på 30000. På grunn av forseinkingar i leveringa p.g.a. korona, vil dette ikkje bli gjeldande før neste år.
- Symjegruppa har ingen eigen sponsor, men motteke del av midlar frå hovudsponsorane Årdal Kraftlag, Årdalsnett og Sparebanken Sogn og Fjordane.
Gjennom Klubben har me avtale om 15 % på kjøp av symjeutstyr- og kle.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	Jotunhuset, Øvre Årdal E-Post post@iljotun.no		3730.25.00208 Foretaksregisteret 975 702 308



10. Anlegg & Utstyr

Symjegruppa trenar i Årdalshallen. Bassenget er greitt. Me har enno ikkje fått til ei ordning med banedelarane, slik at det blir enklare å ta dei ut og rydde oppatt etter kvar trening. Me ønskete oss også eit eige rom ved bassenget der me kunne oppbevare utstyret vårt. Dette har ikkje latt seg gjere. Me opplever enno at utstyret blir brukt og dessverre øydelagt av andre.

Me berre får brukt fire baner under innandørsstemner, og vil arbeide vidare med å få orden på dette. Nye startpallar er bestilt, og må monterast når dei kjem (april). Dette er mobile pallar, som kan nyttast både inne og ute, og som vil vere til glede for Symjegruppa, innbyggjarane i bygda og tilreisande.

At bassenget er stengt ein månad før det opnar ute, er også eit problem for oss. Me har indikasjonar på at dette kan bli endå vanskelegare, om utebassenget skal opne tidlegare. Pr. no stenger innebassenget i viktige stemneperiodar for gruppa. Me ynskjer oss ein kortare stengingsperiode, ikkje at stenginga skal dragast endå meir inn i sesongen vår.

Også i år har me hatt symjarar med funksjonshemminger. Dette tykkjer me er veldig kjekt. Ein av dei er avhengige av hjelp i garderoben. Dessverre har ikkje Årdalshallen nokon garderobar tilpassa funksjonshemma. I Symjegruppa ønskjer me at det skal vere plass til alle, og fellesskap er viktig. Me håpar kommunen får på plass ein garderode snart. Dessverre har nedstenginga i samband med korona også gjort at desse symjarane ikkje har hatt noko godt tilbod i 2021.

Nokre av symjarane våre ønskjer å satse. Då må dei ha tilgang til bassenget. Då det var stengt for offentleg bading, hadde me eit ekstra tilbod på torsdagane. Kommunen har gått med på at me kan leggja ut et par baner på torsdagane siste timane, som kan brukast av alle som ynskjer å symja.

Me ynskjer også at dei minste skal ha ei sklie i utebassenget. Dette er noko me jobbar med.

11. Oppgåver i året som kjem

- Auka rekruttering, og prøve å behalda dei eldste, både frå Øvre og Årdalstangen.
- Arrangere krets- og lokale stemner, som igjen kan bidra til auka rekruttering.
- Gjennomføre/ vere med på treningssamlingar.
- Reise på stemner.
- Vidareføre oppfølging med Allidretten med aktivitet og gjennomføring av symjeknappar.
- Prøve å få kommunen til å lage garderobar til funksjonsnedsette i bassenget, system for innsamling av banedelarane og ordne eine sementpallen til feste av tidskarplater.
- Utdanne og vidareutdanne trenarane, livreddarar og dommarar.
- Få eige rom til utstyret vårt i innebassenget.
- Få montert nye startpallar, og kjøpe inn naudsynleg utstyr..
- Dugnader; bassengvask, Målrock, lotteri og TV-aksjonen.
- Sportsplan.

12. Eksterne verv – representasjon

- Ingeborg Hjelle, leiar i Symjekrinsen Sogn og Fjordane.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	Jotunhuset, Øvre Årdal E-Post post@iljotun.no		3730.25.00208 Foretaksregisteret 975 702 308
		Telefaks	



Me har bak oss eit vanskeleg år i Symjegruppa. Me har mista ein del aktive, men håpar det vil snu. Så lenge det har vore lov, har me trent. Den første månaden starta med nedstenging, og me måtte avlyse stemnet vårt. Sjølv om me etter kvart kom i gong med treningane, var det mange restriksjonar. Symjarane fekk ikkje delteke på stemner før sommaren. Men, det skjedde også mykje kjekt. I juni blei me spurta om å bli med på «Hele Norge Flyter», ein aksjon mellom Redningsselskapet, Norges Svømmeforbund og NRK for å fokusere på at om lag 100 menneske kvart år druknar fordi dei ikkje kan symje. No var målet at flest mogleg skulle flyte på same tid over heile Noreg. Kommunen stilte utebassenget til rådighet, symjarane planla flyteformasjonar som blei filma og sendt direkte på TV. Ekstra stas var det at ordførar Hilmar blei med på opplegget. Same dagen inviterte me redningsskøyta til kaia på Årdalstangen, der dei viste fram den flotte båten sin, og korleis dei bergar folk frå vatnet. Borna var med og flaut, og Bulder og Brak stilte også opp. Utan- og innanfor sperringane der nede kom det over 200 sjåarar! Og, Symjegruppa var med på å setje verdsrekord! I oktober gjennomførte me også ei flott treningssamling, med Sander Smørstad og Viktoria Rung som trenarar. 40 symjarar deltok frå heile gamlefylket, og seks av dei var frå Jotun. I november hadde me besøk av ein flink instruktør frå Norges Svømmeforbund, og 11 livreddarar blei utdanna. Denne hausten fekk me blitt med på to stemne. Siste månaden blei det på ny nedstenging p.g.a. korona.

Miljøet i Symjegruppa er godt. Tomine Jevnaker (som gav seg til sommaren), Solfrid Rørvik, Kaja Hove og Frida Lidal har trent den yngste gruppa! Borna har det kjekt og opplever meistring. I desember tok borna diplom for 25 eller 50 m gjennomført bryst og crawl. At eldre symjarar blir med som trenarar er veldig flott! Kurt Jevnaker har trent dei eldste, og gjer ein enorm jobb! Me er glade for at han blei heidra med æresteikn i sølv og diplom på årsmøtet i Jotun for innsatsen sin. Symjarane har utvikla seg og mange har gode resultat. Symjegruppa har mange foreldre og andre fantastiske friviljuge, som stiller opp på dugnad og hjelper til når det trengs. Dette er me så takksame for! I fjor fekk me eldsjelprisen frå Jotun, etter mange gongar med besøk av flykningane frå Vang til symjeopplæring og symjeglede. Det var sjølv sagt at Henrik Rønningen, som har vore kontakta vår der, fekk denne prisen ilag med oss! Dette året hadde me to samlingar med Vang, om sommaren og i haustferien. No er flyktingmottaket i Vang lagt ned, men det har verkeleg vore både eit kjekt og givande samarbeid!

Me må rette ei stor takk til hovudsponsarane våre Sparebanken Sogn og Fjordane, Årdalsnett og Årdal Kraftlag, i tillegg til Sparebankstiftinga og Årdal Kjemiske fagforeining. Dykker støtte er heilt avgjeraende for at borna i bygda skal få eit godt symjetilbod!

Øvre Årdal 12.02.22

Ingeborg Hjelle

Lelar
Ingeborg Hjelle

Styremedlem
Trond Erik Jentoftsen

Kasserar
Håvard Gikking

Styremedlem
Johanne Molland

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
E-post		Telefaks	Foretaksregisteret
	post@iljotun.no		975 702 308